



NORGES VASSDRAGS- OG ENERGIDIREKTORAT
(NVE)
Postboks 5091 Majorstua
0301 OSLO

Saksbehandlar, innvalstelefon

Lars Kringstad, 71 25 84 50

Rauma kommune.**Hamre Genbank - søknad om uttak av vatn frå Gjerdsetvatnet****Bakgrunn**

Hamre genbank søker konsesjon etter vassressurslova § 8 for uttak av vatn. Vatnet blir i dag nytta i genbanken for ivaretaking av to sjøaure- og sjørøyestammer frå Skibotn i Troms, samt to sjøaurestammer frå Drivaregionen. Dette på oppdrag frå Miljødirektoratet. Dette er ein type stamfiskanlegg med skjerpa krav til tryggleik for det biologiske materialet som av ulike grunnar er truga i naturen. Genbanken er avhengig av sikker vassforsyning for å kunne oppretthaldast.

Hamre genbank og tidlegare Hamre settefisk har nytta vatn frå Gjerdsetvatnet sidan 1987. NVE fatta vedtak i 2015 om at Hamre genbank må ha konsesjon etter vassressurslova § 8.

Hovuddata:

Middelvassføring	290 l/s
Alminneleg lågvassføring	70 l/s
Inntak	35 moh
Utløp	5 moh
Maks. vassuttak	150 l/s
Vassveg	400 m
Regulering	HRV kote 35,0 - LRV kote 33,85 (1.april-1.september)
Restvassføring	ingen

Merknader*Hydrologi*

Det er viktig at grunnlaget for hydrologiske kurver og vurderingar er mest mogleg representativt. For Hamreelva er det nytta data frå VM 105 Osenelv. Vi har ikkje fagkompetanse på hydrologi, men er likevel noko usikker på kor representativt dette er. Nedbørsfeltet til Osenelv har vesentlege større myrareal i forhold til Hamreelva, er mindre bratt og er meir vestvendt. Vi stiller derfor spørsmål om dette kan ha betydning for den skisserte avrenninga, særleg i tørre år?

Biologisk mangfald

Vi har ikkje vesentlege merknader til kartlegginga av biologisk mangfald og dei konklusjonane som er gjort. Det er positivt at rapporten bygger på granskingar av både karplanter, mosar og lav kombinert med identifisering av naturtypar og verdfulle naturområde. Vi kjenner heller ikkje til registrerte naturverdiar ut over det som er omtalt i denne rapporten. Vi antar derfor at føreliggande kunnskap om biologisk mangfald er tilstrekkeleg til å ta avgjerd i saka – jf. naturmangfaldlova § 8.

Fisk

Når det gjeld anadrom fisk gjorde Statsforvaltaren (Fylkesmannen) ei undersøking i 1983; altså før etablering av anlegget.

I rapporten er dette kort omtalt slik: *El-fiska strekning på ca. 30 m frå nedre gårdsvegbru og opp til nedlagt sag. Elva på nesten heile strekninga er stri og renn i små stryk og over svaberg. Enkelte kulpar innimellom. Tatt 3 fisk, mista 3. Elva er for lita og for stri til å karakteriserast som nokon potensiell laks- og sjøaureelv.*

I vårt arkiv er det elles fleire prøvefiskerapportar frå Gjerdsetvatnet, m.a. 1965, 1980 og 1992. Om fiskeartar i vatnet er det opplyst aure og trepigga stingsild. Stingsild var det også ein del av i mageinnhaldet. Prøvefiske med garn fangar som kjent ikkje ål. At ål likevel kan førekome (eller har førekome) er sannsynleg.

Lokalt har vi har fått opplyst at det blir selt fiskekort, men etterspurnaden etter dette er ikkje stor. Det har vore praktisert ei regulering av vatnet på inntil 1,0 m. I søknaden er det opna for å auke dette med 15 cm til, mellom kote 35,0 og 33,85. I kva grad regulering av vatnet kan påverke gytemoglegheiter i sidebekker er ikkje nærare undersøkt. Dersom dette viser seg å vere ei utfordring bør det gjerast avbøtande tiltak slik som føreslått i søknaden.

Minstevassføring

Det er ikkje lagt opp til minstevassføring i Hamreelva. Det betyr at elva i periodar, som i dag, kan bli nærast tørrlagt. I utgangspunktet bør det alltid sikrast eit minimum av økologisk driftsvassføring for vasslevande insekt og fisk. Tilgang på vatn vil alltid vere ein minimumsfaktor i landbaserte anlegg. Det er derfor viktig at produksjonen er tilpassa dei vassressursar som til ei kva tid er tilgjengeleg. Dagens genbank har ei særskilt oppgåve i å ta vare på truga biologisk materiale. Ein må likevel sjå for seg at dette er meir tidsavgrensa og at anlegget etter kvart vil kome tilbake til kommersiell drift, der standardkrav om minstevassføring må gjelde. I søknaden er det vist til at ei eventuell minstevassføring kan føre til behov for ei større regulering av Gjerdsetvatnet for å sikre tilstrekkeleg vatn til genbanken. Vi saknar nærare omtale av kva dette i tilfelle vil innebære.

Vassforskrifta

Tabell 2-5 i søknaden viser til Vann-nett der økologisk tilstand er sett til god. Vann-nett er seinare revidert. Økologisk tilstand er sett til *moderat* grunna det gjeldande vassuttaket utan minstevassføring. Dersom det blir gitt eit permanent løyve til vassuttak utan minstevassføring er det klar risiko for at miljømålet om god økologisk tilstand ikkje blir nådd. Jf. vassforskrifta § 12.

Anna lovverk

Vi kan ikkje sjå at det er naudsynt med særskilt behandling av søknaden etter laks- og innlandsfisklova. Vassuttaket vil heller ikkje føre til slik fare for forureining at det er naudsynt med behandling etter forureiningslova.

Konklusjon

Det er naudsynt å sikre uttak av vatn til genbanken. Levande genbank for sjøaure og sjørøye blir drifta for å oppfylle nasjonale og internasjonale pliktar på miljøområdet. Genbankdrifta gjer det mogleg å ta vare på unike stammar og deira genetiske variasjon dei åra det blir gjort tiltak i dei respektive vassdraga. Det samfunnsmessige omsynet er derfor tungtvegande.

Vi vil likevel be om ei nærare vurdering av kva som skal til for å kunne sleppe minstevassføring. Ein konsesjon utan minstevassføring kan føre til at målet i vassforskrifta om god økologisk tilstand ikkje blir nådd.

Med helsing

Jon Ivar Eikeland (e.f.)
fagsjef

Lars Kringstad
senioringeniør

Dokumentet er elektronisk godkjent.

Kopi til:

Møre og Romsdal
fylkeskommune
RAUMA KOMMUNE

Fylkeshuset 6404 MOLDE

Vollan 8A 6300 ÅNDALSNES